



Vestlandsstemnet 2022.

Litt info vedr. feltskytinga.



- **Påmelding** felt er i kyrkjelydshuset i Strandebarm. Det ligg like ved kyrkja, som er lett synleg frå fylkesvegen. Skyttarar som er oppsett med feltskyting fyrst, treng såleis ikkje møta i Vangdalsåsen, men kan reisa direkte til Strandebarm. All anna påmelding er i Vangdalsåsen, også stang/felthurtig.
- **Transport** til/frå feltområdet skjer med 2 minibussar. Dei har avgang kvar heil og halv time frå parkeringsplassen ved kyrkja. Skyttarane kan IKKJE nytta egne bilar inn i feltområdet.
- **Føresette** som vil følgja gjennom feltrunden, kan følgja bussen mot å betala kr 30,- i påmeldinga. NB! Begrensa med plass, kun 6 seter pr bussavgang (4 seter ein buss og 2 seter den andre).
- **Skytetid** = avreise med minibuss frå parkeringsplassen.
- **Feltarenaen**, som ligg i dalen innforbi skytebanen til gamle Strandebarm skytterlag, består av i alt 4 standplassar, der fin- og grovfelt skyt frå samme standplass under felles kommando og felles leiing, men med ulike skytetider og med ulike stansar. Dette gjeld alle standplassane.
- **Finfeltskyttarar og grovfeltskyttarar** med samanfallande skytetider går dermed i lag i heile feltrunden. Feltløypa er paddeflat og ca 1,1 km langs grusveg.
- **Anvising** vil på kvar standplass starte med fin- og avslutta med grovfelt. På standplassar med fleire hold, vert det anvist vekselvis fin- og grovfelt.
- **Tidsbruk mellom kvar skyting** er berekna til 30 min. Dette kan verte knapt, og me oppfordrar difor skyttarane om å ikkje bruka for lang tid på «nabopraten» mellom kvar skyting, men heller så raskt som mulig å innfinna seg på neste standplass.
- **Tidsbruk på heile feltrunden** er stipulert til 2,5 timar.
- **Mat- og drikkestasjon** vert det IKKJE lagt opp til i feltløypa, så ta med dykk sjølve det de treng. Enkel kiosk i kyrkjelydshuset.
- **Kjøretid** mellom Vangdalsåsen og Strandebarm: ca 25-30 min
- **Stang/felthurtig** føregår i Vangdalsåsen på nytt anlegg. Kvar enkelt må sjølve tilpassa kva tid han/ho kan skyta desse øvingane.

FINFELT

Stpl	Hold	Figur	Avstand	Stilling	Skytetid
1	Innskyting	Rekr.sirkel	Ca 100m	Ligg	2 min
2	1	Minismåen	Ca 100m	Ligg	2 min
3	2	C15	Ca 100m	Ligg (Jun kne)	4 min
	3	Horizontal stripe	Ca 100m	Ligg	
4	4	Dråpe fig.	Ca 100m	Ligg (Jun kne)	2 min
	5	1/10 fig.	Ca 100m	Ligg	2 min

GROVFELT

Stpl	Hold	Figur	Avstand	Stilling	Skytetid
1	Innskyting	Rekr.sirkel	Ca 100m	Ligg	2 min
2	1	10x30 horis. stripe	Ca 180m	Ligg	1 min
3	2	1/8 fig	Ca 255m	Kne	2min 30sek
	3	Rekrutt tønne m.kant	Ca 180m	Ligg	
4	4	S25	Ca 330m	Kne	1 min
	5	B45	Ca 400m	Ligg	1 min

HK416 og KIK

Stpl	Hold	Figur	Avstand	Stilling	Skytetid
1	Innskyting	Sirkel Ø30	Ca 100m	Ligg	2 min
2	1	C30	Ca 180m	Ligg	1 min
3	2	¼ V fig	Ca 255m	Ligg	2 min
	3	Sirkel Ø30	Ca 180m	Ligg	
4	4	B65	Ca 330m	Ligg	1 min
	5	B100	Ca 400m	Ligg	1 min